

Levi Henriksen og Thomas Mårud til Sletta

Vestnorsk utvandringssenter startar hausten med ein draum om Amerika.



Av Hans E. Storheim
hans.egil@strilen.no

Det skjer når Levi Henriksen og Thomas Mårud kjem med konsertprogrammet «Vi som elsker Amerika» - den første av i alt tre temakvelder denne hausten kring emnet «Førestellingar om Amerika».

Levi Henriksen er frå Kongsvinger og debuterte som skjønnlitterær forfattar i 2002 med novellesamlinga Feber. Han er òg journalist og muskar, går det fram av ei pressemelding frå utvandringssenteret.

Amerika har ein særskilt plass i Levi sitt liv, noko som speglar seg att i litteraturen hans. Saman

med journalist og muskar Thomas Mårud tek Henriksen publikum med til eit Amerika som ein ikkje vert kjend med gjennom dei klisjéprega mediebiletta av USA.

– Me er glade for at å ha lukkast med å få Levi Henriksen og Thomas Mårud hit til Sletta. Me håpar møtet med desse to kan gje mat for ettertanke og kritisk innsikt i våre eigne førestellingar og kan henda fordømmar om Amerika, seier avdelingsleiar ved Vestnorsk utvandringssenter, Ida Dyrkorn Heierland.

Konserten er i Emigrantkyrkja på Sletta søndag 12. august. Billettsalet startar måndag 9. juli på Sørvistorget til Radøy kommune og hjå Oddmund Skjelvik, leiar i Utvandringssenterets venner.

Konserten er i regi av Vestnorsk utvandringssenter og er lagt til opningsdagen for Kystsogedagane på Radøy. I år er dagen eit samarbeid mellom Radøy kommune og Vestnorsk utvandringssenter.



STARTAR HAUSTEN: Levi Henriksen og Thomas Mårud startar haustprogrammet på Vestnorsk Utvandringssenter. (Foto: Einar Nilsen)

Fiskefestival på Fedje



FINVÉR: Sol og roleg sjø kan gje ein flott dag under fiskefestivalen på Fedje, slik som her i 2010. (Foto: Privat)

Meldingane tyder på at Fedje byr på godt vēr under årets fiskefestival i dag laurdag.

Av Hans E. Storheim
hans.egil@strilen.no

Festivalen er lagt til Havstadkaien, der fiskarar kan melda seg på frå tidleg morgon. Det vert eigen fiskekonkurranse for born på kaien.

Startskotet for å fiska går alt klokka sju på morgonen, og fiskarane har sju timar på seg før dei må melda inn fangsten.

Det vert premiering for største og nest største fisk, både for vaksne og born.

På kaien vert det aktivitetar på kaien heile dagen, med sal frå

ulike boder som sel husflid, strikk, såper og mykje anna, går det fram av arrangøren Fedje Idrettslag si kunngjering.

Også Eliasbåten frå Redningselskapet kjem, og Havsport-senteret er med heile dagen med mange ulike aktivitetar. Fedje sin lokale båtbyggjar Bjørn Ådne har open verkstad der han viser god byggeskikk og teknikkar for båtbygging.

I verkstaden vert det òg høve til å prøva seg som båtbyggjar, og også å handla båt for dei som treng det.

Dei som vil ta ein tur i helikopter over Fedjelandet, får også sjansen til det. Kvelden kan avsluttast med dans i fleirbruks-hallen til tonar frå Never Mind.

FÅ OVERSKUDD OG BEDRE HELSE
TIL Å NYTE SOMMERFERIEN!



TREN I SOMMER
FOR KUN KR

1,
* PER DAG

sprekogblid^{no} Studio Nor
Tlf. 56 35 64 64

Kvassnesvegen 63, 5914 Isdalstø - www.sprekogblid.no/Knarvik